SPORT

Stipend til trenar og til skiutøvar

KNARVIK: Bjørnar Stusdal og Ragnhild Tveit Porsmyr fekk onsdag kvar sitt stipend frå Lindås idrettsråd.

Av Ketil Tjore
ketil@strilen.no

STIPEND: Leiar i Lindås idrettsråd, Svein Haukås frå Lindås IL (til venstre), og styreleiar i Hordaland idrettskrets Bjørn Ove Myking (til høgre), delte onsdag ut stipend til Bjørnar Stusdal og Ragnhild Tveit Porsmyr.

Idrettsrådet deler kvart år ut stipend til idrettsutøvarar, leiarar, trenarar eller idrettslag. Dette året var det langrennsløpar Bjørnar Stusdal frå Nordhordland skiklubb, og handballtrenar Ragnhild Tveit Porsmyr frå Knarvik IL, som fekk heider, ære og kvar sin sjekk på 5.000 kroner.

– Stipendet skal stimulera til vidareutvikling og utdanning innan idrett og aktivitet, sa Bjørn Ove Myking i samband med utdelinga.

Radværingen Myking er styreleiar i Hordaland idrettskrets, og delte ut stipenda saman med leiar i Lindås idrettsråd Svein Haukås.

– Kjem godt med

– Stipendet kjem godt med, det kostar ein del å satsa på skiidrett, seier Bjørnar Stusdal.

– Dette motiverer til vidare trening.

Onsdag kom han rett frå trening i lysløypetraseen på Gamlesætra, og til årsmøtet i idrettsrådet der stipenda vart delte ut.

– No bur eg i Åsane, men eg er på Gamlesætra kvar kveld for å gå på ski, seier han.

Stusdal går for Nordhordland skiklubb, og er ein av dei som har løfta aktiviteten i klubben dei siste sesongane, mellom anna med KM-tittelen i stafett. Denne vinteren har han gått renn mest kvar einaste helg.

Ny duell

Stusdal (26) har alle grunnar til å vera god på ski, oppvaksen som han er på garden som husar løypetraseen på Gamlesætra. Men etter å ha utvikla sjukdommen cøliaki (glutenallergi) i oppveksten, gjekk det mange år der han ikkje fekk noko utvikling att for treninga.

– Det gjekk mange år før legane klarte å finna ut at det er cøliaki eg har. Men no har eg fått trena skikkeleg det siste halvanna året, seier han.

– Eg har verkeleg fått gløden tilbake.

Sist helg var han nest best av dei lokale i Birkebeinerrennet, berre Claus Sellevoll gjekk raskare enn Stusdal. Det vert ein ny duell mellom dei to alt søndag, under Strilarennet på Gamlesætra.

Ivrig trenar

Stipend vart også delt ut til Ragnhild Tveit Porsmyr frå Knarvik. Porsmyr har engasjert seg sterkt i handballgruppa i Knarvik idrettslag, med rekruttering av fleire spelarar.

– Knarvik IL har hatt handball-tilbod lenge, men for fem år sidan bestemte me oss for at me ville starta nye lag kvart år. No har me eit tilbod frå første klasse, og har jentelag på kvart av dei yngre årstrinna, seier Ragnhild Tveit Porsmyr.

Klubben har tilbod også til gutar, men ikkje så mange lag som for jentene.

Takkar

– Det er veldig kjekt å verta sett pris på slik som dette, seier Porsmyr, som etter prisutdelinga var på plass for å rettleia jenter 12-laget under ein viktig kamp.

– Eg er sjølv oppvaksen med handball, og spelte først i Salhus og seinare i Tertnes. Her i klubben er me opptekne av å gje alle eit tilbod, og gje dei ein plass å høyra til.

I grunngjevinga for stipendet heiter det at Knarvik-trenaren følgjer opp kvar enkelt spelar ut frå nivå og framgang. I tillegg har Porsmyr også lagt til rette for inspirasjonstreningar med toppspelarar, seinast då tidlegare landslagsspelar Mette Davidsen var i Knarvik for å trena jentespelarar.

JUBEL: Knarvik jenter 12 år kunne jubla onsdag etter at finaleplassen var sikra. Trenarane er Rune Fjellstad og Ragnhild Tveit Porsmyr. (Foto: Venke Bø Korneliussen)

Toppa kvelden med finaleplass

Av Ketil Tjore
ketil@strilen.no

KNARVIK: Først fekk trenar Ragnhild Tveit Porsmyr stipend frå idrettsrådet, og same kveld gjekk Knarvik jenter 12 til finalen i Sparebanken Vest cup.

I semifinalen i Nordhordlandshallen onsdag kveld møtte dei Mathopen, og det vart ein tett kamp der laga bytta på å leia med eitt eller to mål.

Heilt på tampen såg det ut for at bylaget skulle ta finaleplassen, med minuttet att å spela hadde Mathopen leiinga 9-8. Men heimelaget skåra to mål i løpet av det siste minuttet, og kunne jubla for siger med 10-9.

No vert det finalekamp onsdag 10. april, den kampen går i Haukelandshallen.

Knarvik-jentene har ein kamp att i serien, det er mot Bjarg søndag 7. april. Vinn Knarvik denne kampen, eller spelar uavgjort, så vinn dei også si avdeling i serien.